

Sak 06 Vedtekter

§6.2.1

Innsendar: Møre og Romsdal

Endringsforslag: Endra kravet for antalet dagar ein må kalla inn til årsmøte i lokallagi frå 14 dagar til sju.

Slik at § 6.2.1 vert lydande:

Årsmøtet er lagets øverste myndighet. Ordinært årsmøte holdes minimum 6 uker før landsmøtet. Årsmøte innkalles skriftlig av styret, med minst sju dagers varsel. Ved stemmelikhet har leder dobbeltstemme, dette gjelder ikke ved personvalg.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget vert ikkje vedteke.

§7.4 (nytt punkt)

Innsendar: Hordaland Senterungdom

Endringsforslag: Leggja til eit nytt punkt om organiseringi av senterstudentlag..

Det nye punktet vert lydande:

Studentar i Senterungdomen har høve til å vere studentmedlem ved sin studiestad, samstundes som den er registrert som medlem i sitt lokallag.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget vert vedteke.

§7.5 (nytt punkt)

Innsendar: Hordaland Senterungdom

Endringsforslag: Leggja til eit nytt punkt om organiseringi av senterstudentlag.

Det nye punktet vert lydande:

Studenten er tilknytt to fylkeslag om studiestaden er lokalisert i anna fylke enn studenten er folkeregistrert, og det er studentlag på studiestaden.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget vert ikkje vedteke.

§7.6 (nytt punkt)

Innsendar: Hordaland Senterungdom

Endringsforslag: Leggja til eit nytt punkt om organiseringi av senterstudentlag.

Det nye punktet vert lydande:

Studentlaget skal ha oppdaterte medlemslister.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget vert ikkje vedteke.

§7.4, §7.5 og §7.6 (redaksjonelt)

Innsendar: Sekretariatet

Endringsforslag: Ved vedtak om å leggja til punkt 7.4, 7.5 og/eller 7.6 vil kontoret få fullmakt til å omsetja det/dei ny(e) punkt(i).

Innstilling frå landsstyret: Forslaget vert vedteke.